

# ÅRSMELDING FOR JÆRMUSEET 1994

## Jæren museumsråd

Jæren museumsråd hadde årsmøte 24. mars i Sola kulturhus. Rådsordfører Kari Austenå ynskte rådsmedlemmene og møtedeltakarane vel møtt. Ordfører Trygg Mæland helsa frå kommunen og ynskte Jæren Museumsråd velkomne til Sola.

Av 29 rådsmedlemmer oppnemnde av kommunane og fylkeskommunen møtte 19 representantar, av desse to varafolk. Alle dei 4 rådsmedlemmene valde frå organisasjonar og bedrifter møtte, samt 3 valde av personlege medlemmer – av desse 1 varamedlem. Elles møtte 2 bedriftsmedlemmer, 7 lag og 10 personlege medlemmer samt fleire gjester og tilsette – i alt 56 deltakarar.

Årsmøtet handsama og godkjende årsmelding og rekneskap for 1993, vedtok arbeidsprogram for 1994 og kontingent og budsjett for 1995. Rådsmøtetet avviste forslag om kontingentauke utover indeksregulering med 15 øre pr. innbyggar for 1995, men gjorde likevel følgjande vedtak:

*«Jæren Museumsråd ser behovet for at Jærmuseet får fast kontorpersonale. Rådet vil be om at styret arbeider for å finansiera ei slik stilling med hjelp frå eigarkommunane og fylkeskommunen på budsjettet for 1996.»*

Møtet valde formann, nestformann, rådsordfører, vararådsordfører og styremedlemmer med vararepresentantar frå private medlemmer og valnemnd. Kari Austenå, Randaberg, vart attvald som rådsordfører.

Trygg Mæland, Sola, vart attvald som rådet sin vararordfører. Jone Vadla blei attvald som formann og Roald G. Bergsaker som nestformann. Økonominemnd og valnemnd vart attvalde.

### STYRET

Jone Vadla, private medlemmer, formann  
Roald G. Bergsaker, Sandnes, nestformann  
Kari Austenå, Randaberg  
Annfinn Lorentzen, Time  
Einar Lea, private medlemmer  
Trygg Mæland, Sola  
Eldar Odland, Rogaland fylkeskommune  
Tobias Skretting, Hå  
Odd Særheim, Klepp  
Liv Todnem, Gjesdal

### Varamedlemmer:

Sævar Haugland, private medlemmer  
Johannes Bergsåker-Aspøy, Sandnes  
Sigve Bø, Randaberg  
Torstein Tunheim, Time  
Karl Sveinsvoll, private medlemmer  
Gitle Byberg, Sola  
Sigve Romslo, Rogaland fylkeskommune  
Marit Bernhardsen Stornes, Hå  
Elling Hodne, Klepp  
Rasmus Flesjø, Gjesdal

Styret har i meldingsåret hatt 6 styremøte og behandla 48 saker. Dei viktigaste spørsmåla har vore saker i samband med byggeprosjektet, finansiering og økonomi.

Formannen, nestformannen og styraren har utgjort eit eige arbeidsutval som har samrådd seg i ein del saker.

#### Nemnder oppnemnde av styret:

*Redaksjonsnemnd for årbok:*

Asgjerd Taksdal, Lars Gaute Jøssang, Målfrid Grimstvedt og Målfrid Snørteland.

*Byggenemd:*

Jone Vadla, formann, Arne Hodne, Johan Vestvik, Målfrid Snørteland, Målfrid Grimstvedt.

*Styringsgruppa for Kviagarden:*

Jærmuseet sine representantar: Tobias Skretting, Målfrid Snørteland

#### PERSONALET

Jærmuseet har i 1994 hatt desse tilsette:

Målfrid Snørteland, styrar/konservator, 1/1 fast stilling  
Sverre Skjæveland, handverkar, 1/1 fast stilling  
Målfrid Grimstvedt, konservator, 1/1 fast stilling  
(utanom tilskotsordninga).

*Engasjement:*

Lars Ødemotland, gardsstyrar og arbeidsleiar, 80 % stilling  
Torbjørn Hertel-Aas, prosjektmedarbeidar  
Inger Smidt Olsen, konservator, 4/5 stilling januar-mars.  
Björg Sandve Tjøtta, 60 % frå 15. august.

Oddvar B. Høyland, prosjektleiar, 50 % 1.01.–28.02., 100 % frå 1.12.

Timeengasjement: Eirik Lode, Sissel Ødemotland, Helga Ødemotland, Helga Motland, Bente Undheim, Sigrun Ødemotland

*Stillingar under «KAJA»/ attføring:*

Hans Leon Malmin, 1.1.–31.1., vedlikehald, gardsarbeid

Egil Haugland, 1.1.–15.2., gardsarbeid

Martin Sele, 1.1.–31.4., vedlikehald, gardsarbeid

Trygg Haugland, 1.1.–27.7., vedlikehald maskinar

Kurt Fiskebekk, 1.1. – 28.7., restaurering hus

Steinar Arne Hustad, 1.1.–31.7., restaurering hus

Oddvar Lode, 1.1.–31.12., vedlikehald maskinar

Jan Slogvik, 1.1.–12.8., vedlikehald maskinar

Kurt Johnsen, 7.2–31.3., gardsarbeid

Solfrid H. Ødegård, 11.7.–31.12., utskrivning intervju

Henny Torill Haver, 23.11.–31.12., julearrangement

#### ARBEIDET MED BYGGEPROSJEKTET

25. januar var det grunnsteinsnedlegging på nybygget. Styreleiar Jone Vadla kunne då leggja ned eit 20-liters mjølkespann med ymse dokument – museet sine årbøker, dagens aviser, myntsett, kommuneplanen for Hå og brosjyre frå 4H.

Representantar frå kommunane, Norsk Kulturråd, entreprenørane og private sponsorar deltok og vart serverte risengrynsgraut, spekemat og lefsa på låven.

I slutten av mai 1994 var hovudbygget innflytting-sklart. Laurdag 28. mai mobiliserte styreleiar og tilsette transportutstyr og familie til flyttedugnad. Endeleg kunne administrasjonen flytta frå det gamle kommunehuset på Nærbo og under eige tak – etter 8 år i

leigde og provisoriske lokale. Det var ein stor dag då kontoret i nybygget vart bemanna frå 30. mai.

Takka vera yttarlegare forskoteringar frå Hå kommune og nye løyvingar frå Norsk Kulturråd og Rogaland fylkeskommune, kunne også det utvida 1. byggesteg fullførast hausten 1994.

Samla *finansieringsplan* for hovudbygg, auditorium og verkstad blir då:

#### FINANSIERINGSPLAN – 1. BYGGETRINN

Medlemskommunane (hovudbygg)	4,852.000
Rogaland fylkeskommune	5,170.000
Norsk Kulturråd	3,700.000
Hå kommune (forskudd.2.byggetrinn)	2,000.000
Husleige Hå bygdemuseum	650.000
HVPU/Hå	60.000
Rogalandbrukselskap	25.000
Bu-midlar	150.000
Private midlar	2,623.000
Renter	30.000
<b>SUM</b>	<b>19,260.000</b>

Pr. 31.12. gjenstod restutbetalingar frå Sandnes, Time og Klepp kommunar og Rogaland fylkeskommune på tilsaman ca. 2,025.000,- kroner. Samtidig manglar me omlag 400.000,- kroner på å oppfylle målet for dei private midlane.

Restutbetalingane er forskotterte av Hå kommune.

Førebels har desse verksemdene gitt tilskot eller tilsagn om midlar til prosjektet:

#### TILSKOT FRÅ VERKSEMDER

	Utbetalt	Gjenstår:
Privatpersonar	86.000	
Landbrukssamvirke	750.000	
Forbrukarsamvirke	153.000	
Klepp sparebank	100.000	
Time sparebank	100.000	
Sandnes sparebank	50.000	
SR-bank	100.000	50.000
Gjensidige Forsikring	150.000	
Stavanger Aftenblad	100.000	
Daniel Øvstebø	50.000	
Saga	5.000	
Norvald Steinsland & Co	3.000	
Rogaland Kyllingprod lag	10.000	
Jæren Everk	50.000	
Helland AS	50.000	
Kverneland AS	150.000	
Malm Orstad Mek. Verk	10.000	
Foss Eik Mek. Verksted	5.000	
T. Kverneland & Sønner	30.000	
Rogaland Maskinservice	15.000	
Teo Teknikk AS	2.500	
T. Stangeland maskin	25.000	
Moi AS		15.000
Jæren Industriforening		25.000
Shell AS		50.000
Serigstad AS		100.000
<b>SUM</b>	<b>1,994.500</b>	<b>240.000</b>

Det er i tillegg utført gratisarbeid av følgjande firma:  
Statens Vegvesen 75.000  
Br. Risa 180.000

## KVIAGARDEN

### Gardsdrifta

Drifta på garden har også dette året tatt sikte på å visa eit allsidig husdyrhald og ulike plantekulturar med utgangspunkt i 1950-talet. Ein har i hovudsak følgt same driftsopplegg som i fjor.

### Husdyrhaldet

Dette året har me hatt 4 mjølkekyr – 3 vestlandsraukol-ler (inkl. ei kvige) og 1 jersy, og 4 ungdyr: 1 stut (vr), 1 stutkalv (j), i kvigeikalv (vr) og 1 kvigeikalv (nrf/vr).

#### Tilvekst i besetningen på Kviagarden 1994

KU	Kalvingsdato	AVKOM
02 Silkrei, (vr)	01.03	09 kvige (vr)
03 Plomrei, (vr)	15.01	08 stut (vr)
04 Dokka (j)	03.12	11 stut (j)
06 Solrei, (kvige j)	27.05	10 kvige (vr/nrf)

#### Avgang i besetningen på Kviagarden 1994

07 stut	slakta 20.04, kalv etter 05 Kvirei
05 Kvirei	slakta

Kvirei fekk diverre betennelse i klauvene som ikkje let seg kurera og blei slakta tidleg på vinteren.

Både Dokka og Solrei vart råka av den store jurbetennelsebølgja som gjekk over Jæren i sommar.

Elles syntet det seg at purka var ufruktbar og vart slakta. Ny purke blei kjøpt og skal grisa omlag 20. januar.



Ottar og Odd Kvia lagar kornstakk på gamlemåten.

Som del av avtalen med PU blei det kjøpt inn ei ny merr. Heller ikkje hestane nedkom med føl dette året.

Dei to gjessene våre fekk «dameselskap». Det resulterte i egg, men ruginga var ikkje tilfredsstillande slik at me vart snytte for gåsungar. Utpå sommaren kom det endeleg nye jærhøns på plass.

### Planteproduksjonen

«Vodlen» blei nytta til ulike plantevokstrar – diverse kålslag, kålrot, poteter, nokre rader med ulike kornslag – bygg, kveite, rug og ein større del med havre, samt roer og forraps til dyrefor. Ein del av dette vart planta ved hjelp av skuleklassar og barnehagar. Havren blei skoren med sjølvbindar og Massey-Harris traktor. Ved hjelp av Odd og Ottar Kvia blei kornbanda lødde i stakk («stekte») vestom løa.

På «Trikanten» vart det dyrka Kerrs Pink poteter, med jamt god kvalitet. På «Tingsteinsvodlen» blei det avla gras + eit par snippar med formargkål. Bekkjavodlen vart nytta som beite.


Ein del av grønsakene blei omsette på Jærmuseet i løpet av sesongen. Restlagra av kålrot og poteter vart selde til grossistar.

Jordbruksinntektene, d.v.s. sal av grønsaker, husdyr og produksjonstilskot, blei tilsaman 94.000,- kroner. Driftsutgiftene utgjorde vel 82.000,- kroner, men då er ikkje lønsutgifter medrekna.

Elles er endeleg hevdafjoset fullført og det er installert ventilasjonsvifte i fjoset slik at innklimaet har blitt klart betre. Det er og laga bru over bekken til «Trikanten».

**Personalsituasjonen** på garden har blitt vanskle-gare i løpet av 1994. Drifta der har i stor grad vore basert på sysselsetjingstiltak. Frå sommaren 1994 lukkast det ikkje å skaffa personar til slike prosjekt, sjølv om både fylkeskommunen hadde stillingsheimlar for fleire personar og Jærmuseet sjølv hadde unytta kulturpakkemidlar. Siste halvår fekk likevel ein person

Korndagen samla mykje folk.



halda fram på attføringstiltak. Her får museet refun-derd 75 % av lønskostnadene. Ein har difor i større grad måtta nytta timeengasjerte til stell i helgar og høgtider, og ein større del av driftskostnadene ved gardsdrifta må difor dekkast over museet sitt budsjett.

Lars Ødemotland har vore engasjert som gardsstyrar og arbeidsleiar i 80 % stilling, men ennå har ikkje museet nokon heimel eller sikre inntekter som finansierer denne stillinga. Museet har difor prøvd å auka eigeninntektene, m.a. ved å leggja på prisen på gruppebesøk. Men 500 kroner er truleg grensa for det ein kan forlanga av ein skuleklasse eller barnehage.

Samtidig er det klart at dei aktivitetane og den for-midlinga som er knytta til gardsdrifta vekkjer stadig større interesse hos skular og barnehagar og publikum generelt.

Fell gardsdrifta saman, fell og mykje av grunnlaget for Jærmuseet sitt formidlingstilbod bort. Det er denne museumsgarden med heilårsdrift som gjer opplegget vårt til eit unikt museumstilbod til barn. Difor gjekk og Norsk Kulturråd inn med eit tilskot på kr. 100.000,- i 1994, (med tilsagn om tilsvarande løyving i 1995), som lekk i deira prosjekt «Barn, unge – museum». Utan dette tilskotet hadde det vore stor fare for ar dyra måtte sendast ut på legd.

### Aktivitetsdagar og utoverretta verksemd.

I samarbeid med Rogaland 4H blei det skipa til 4 opne aktivitetsdagar.

### 8. mai: «Vårdag».

Denne dagen konsentrerte me oss om å planta og så. Kari Aareko frå Jæren Forsøksring orienterte og gav publikum gode råd om stell av grønsakhagen, medan

borna fekk prøva seg på kålplanting. Elles er hestekøyring og leik i høyet faste innslag på aktivitetsdagane, tilbod som støtt er like populære hos borna. Diverre var veret noko grått og kaldt.

Frammøte: omlag 300.

#### **26. juni: «Slåttadag».**

Programmet var lagt opp etter same leist som tidlegare slåttadagar. Me viste ulike slag reiskapar og arbeidsmåtar i samband med slått og høyberging. Det blei sett opp hesje, og borna hesja gras med stor iver og innsats.

I tillegg til museet sitt personale fekk me hjelp av Karl Grude frå Klepp historielag. Ola og Stein Torland demonstrerte også i år den nye skiveslåmaskinen av merket Kuhn. Diverre var heller ikkje veret denne dagen av det beste, og høyinga måtte utsetjast. Frammøte: omlag 400.

#### **4. september: «Haustdag».**

I dag var det hausting av korn og poteter som var hovudtema. Det blei demonstrert kornskurd med sigd og sjølbindar, og trøskjing med tust, gamle trøskjemaskinar og nyare trøskjeverk. På «Trianten» skulle potetene takast opp – både med hest og traktor. Då synt det seg at «jernhesten» nok på mange vis er ein enklare samarbeidspart enn den tradisjonelle firbeinte utgåva. Vår «Sandrina» nekta plent å kryssa rennande vatn og bli blaut på beina. For publikum var dette truleg eit av dei mest engasjerande innslaga i programmet, og «gamlekarane» bidrog med gode råd baserte på eigne opplevingar med liknande stabeist i yngre år. Dalabekken vart forsert til slutt, og merra spent føre «Pallen». Demonstrasjonen av traktor og kastehjulsopptakar gjekk greiare, og potetene blei plukka med stor iver.

Publikum fekk i tillegg smaka på «markens grøde» i form av havregrynsgraut, syrekaker og potetkaker – som Nærbø bondekvinneleg stod føre.

Takka vera god førehandsomtale i Stavanger Aftenblad, og bra ver, var publikumstilstrøyminga svært stor – 1000 – 1200 personar.

#### **25. september: «Venn med dyra».**

Denne dagen tok utgangspunkt i 4H sitt tema-år «Venn med dyra». Det var Rogaland 4H som hadde hovudansvaret for arrangementet. Ein del klubbmedlemmer hadde med eigne dyr (kaniner), og Nærbø rideklubb tilbydde riding. Godt ver og god stemning.

Frammøte ca. 500–600.

#### **Oppsummering:**

Dette året vart det tatt inngangspengar på aktivitetsdagane – kr. 25,- for vaksne, born gratis. Billetteringa fungerte ikkje alltid tilfredsstillande. Dei som ikkje ønskjer å betala kan lett lura seg unna. Kontrollen kan bli betre, men når publikumsaktivitetane er spreidde over eit større område, er nok dette problem ein lyt leva med.

Aktivitetsdagane, og særleg haustdagen, synte at museet er klart underbemanna. Skal denne type demonstrasjonar gjennomførast tilfredsstillande, lyt ein ha meir mannskap – både til å gjennomføra dei praktiske demonstrasjonane og med tanke på servicen til publikum. Sidan folk kjem og går under heile opningstida, må programmet køyrast kontinuerleg.

#### **Skular og barnehagar**

Besøket av skular, barnehagar og fritidsklubbar auka i 1994. I løpet av året har over 100 grupper vore på

gardsbesøk. I sommarferien hadde me og eit samarbeid med fritidsavdelinga i Stavanger kommune og «Fiks ferige fritid».

Takka vera løyvinga frå Norsk Kulturråd, kom ein i gang med meir systematisk utprøving av formidlingsopplegget «Læra med å gjera». Denne støtta, saman med samarbeidet med helse- og sosialetaten i Hå kommune, skapte grunnlag for å tilsetja Bjørg Sandve Tjøtta frå 15. august – i første omgang i 60 % stilling. Dermed vart formidlingstilbodet styrka.

Vidare har Direktoratet for naturforvaltning og Rogaland fylkeskommune støtta «Læra med å gjera» med kr. 20.000,- og kr.7500,-. Diverre avslo skulekontora i kommunane å løyva midlar, sjølv om dei gjerne oppmoda dei enkelte skulane om å nytta tilbodet. Undheim skule i Time er den skulen som har vore flitigast til å bruka opplegget.

Før jul var det «nissefest på låven» med same program som i fjor – mjølking, separering, kinning, hopping i høyet og graut på låven. Tilbodet var fullteikna tidleg på hausten.

#### **Samarbeid med helse- og sosialetaten**

I 1994 blei det og inngått ein avtale med helse- og sosialetaten i Hå kommune om at psykisk utviklingshemma frå ulike dagsentra i kommunen skulle nytta tilboda på garden to dagar i veka mot eit årleg tilskot. Denne aktiviteten kom i gang hausten 1994 under leiding av Bjørg Sandve Tjøtta.

Den mest populære aktiviteten er køyring med hest. Samtidig skal klientane gradvis venjast til å ri på hestane. PU disponerer og eit opphaldsrom i kjellaren på nybygget.

Medrekna ulike grupper med born og vaksne som

har fått omvising på anlegget eller deltatt på dei opne aktivitetsdagane, hadde Jærmuseet eit besøkstal på ca. 7500 i 1994.

#### **ANNA UTOVERRETTA VERKSEMD**

##### **«Sjå Jæren»**

«Sjå Jæren» 1994 kom ut i byrjinga av desember. Boka var på 180 sider og vart trykt i 1000 eksemplar. Boka inneheld m.a. stoff om «Sandnesmodellen» og byplanprosjekt i Sandnes, presentert av overarkitekt Gro Person Trodahl; Kyrre Hattaland gjer greie for utviklinga av jordbruksutdanninga i Rogaland og Einar K. Time skriv om torv. Her er minnestoff frå gardbrukar Harald Harbo, presentasjon av Trygve Moi og «Moldvarpen» av Oddvar Sørli, medan Einar Lea skriv om det første elektriske lyset på Bryne. Elles skriv Asgjerd Taksdal og Ingebjørg Reigstad om kulturvern og Målfrid Grimstvedt om husflid i Gjesdal og Time.

#### **LAGER, TILVEKST OG SAMLINGAR**

Museet har ikkje prioritert noka aktiv innsamling dette året. Likevel har me fått mange tilbod. Ein del av desse har museet tatt i mot, f.o.f. ting som fyller hol i samlingane. Av større tilvekstar har me fått laboratoriet til Jæren Potetmjølfabrikk, Klepp. Det var i bruk til ca. 1960.

I tillegg til gjenstandar, har Jærmuseet hatt ein fin tilvekst av foto, bøker og arkivmateriale. Ikkje minst er me glade for at Jærmuseet nå har fått heile arkivet etter EIK Maskin.

Etter innflyttinga i nybygget har museet nå fått gode forhold for arkivlagring, men framleis saknar ein sårt ressursar til ordning og registrering av materialet.

I løpet av hausten har ein og fått samla i hop dei res-

taurerte traktorane og andre utvalde gjenstandar i det opne magasinet i nybygget. Diverre er det berre ein liten del av samlingane våre som får plass her.

Når det gjeld særskilde restaureringsprosjekt har handverkar Sverre Skjæveland komme eit godt stykke vidare med å laga nye delar (tilsaman 40 stk.) til Herkules-traktoren samt restaurering og reparasjon av mindre gjenstandar og reiskap. Museet har dessutan restaurert ein jernplog laga av smeden Sven Soma som var fødd i 1855 og vaks opp få kilometer frå jordbruksskulen og smia til Budde på Austrått i Sandnes.

Innflyttinga i nybygget har elles lagt mykje beslag på tida til både handverkar og gardsstyrar.

Me vil få takka Kverneland, Klepp A/S og Serigstad A/S for verdfulle gratisyttingar i samband med restaureringsarbeidet. Også ei takk til Gaute AS som har lagt ned mykje arbeid og omtanke i å finna fram til rette fargar på ulike reiskap.

Ei av dei mest påkrevde oppgåvene for museet er ei grundigare registrering av gjenstandssamlinga. Størparten av gjenstandstilfanget dei siste åra er berre registrert i tilvekstprotokollen. Dette har samband med manglande ressursar og personale og med dei generelle arbeidstilhøva.


#### Film/video

Museet har fotografert sers aktivt dette året. Det gjeld spesielt i samband med registrering av fyr for Randa-berg og til vårt eige prosjekt «Med sauen til fjells». Me har også fotografert bygginga av museumsanlegget på Kvia.

Me har også gjort nokre opptak på 8mm video. John Olaf Grimstvedt har filma for oss på aktivitetsdagar, under sauesamlinga i Sirdal og sauevask på Nærbø.

#### Samla tal fotoopptak i 1994

Filmtype	Tal bilete
Svart kvitt	570
Fargenegativ	364
Fargedias	2450



Byggmester Trond Nærland i arbeid på Audamotland.  
Foto: Jærmuseet

Tal på registreringar	Nye	Tilsaman
Tilvekst (samlingar)	45	220
Gjenstander i Jærmuseet	10	913
Gjenstander i Gjesdal bygdemuseum	ca 250	3545
Gjenstandar i Hå bygdemuseum		4848
Gjenstandar i Time bygdemuseum		279
Avisutklipp	362	2467
Reiskapskatalogar	9	1672
Lydband	2	109
Video/film		56
Teikningar	14	142
NEG *	27	1970
Branntakstar **		1295
Eige bibliotek	44	2448
Periodika (nye seriar)	2	408
Fotografi	388	8167
Privatarkiv	3	31

*Merknad: Museet har berre i liten grad komme igang med registrering og katalogisering av eigne samlingar. Det er grunnen til det låge talet på eigen samling. Bygdemusea syter for registrering av sine samlingar, men Jærmuseet har kopi av registreringane.*

\* NEG (Norsk Etnologisk Gransking): Museet har svar frå Rogaland på ein del spørjelister, spesielt om barn og leik, samt om sauen. Dei enkelte svara er lagde inn i ein EDB-katalog.

\*\* Branntakstar frå Sandnes kommune.

**Oppsummering av EDBregistreringane ved museet:** Desse registreringane har ikkje halde tritt med tilveksten på museet dette året.

#### SÆRSKILDE PROSJEKT

##### Audamotland

Dette året har restaureringa av Audamotlandshuset i stor grad stått stille. Det var ein føresetnad at restaureringa her skulle knytast til andre sysselsetjingsprosjekt, men som tidlegare nemnt har ikkje dette fungert. Siste halvår 1994 har ein dessutan ikkje fått tildelt sysselsetjingspersonar til utearbeid.

##### «Med sauen til fjells»

Faggruppa for prosjektet hadde møte 9. februar og drøfta då arbeidet for 1994.

Innsamling av intervjumateriale er nå ferdig. I 1994 har ein dokumentert dagens sauedrift gjennom foto og videoopptak.

##### Intervju

Innsamlinga av intervjumateriale starta hausten 1992 og blei utført av Torbjørn Hertel-Aas. Arbeidet med å skriva ut lydbanda tok også til hausten 1992, sjølv om det meste av dette arbeidet er utført i 1993 og 1994.

55 intervju på lydband med  
20 heiasjefar og gjetarar  
31 bønder  
2 heiasjefkoner  
2 transportørar  
3 andre

Av desse er 53 utskrivne og 50 redigerte, d.v.s. at dei er klypte opp og innhaldet ordna etter ei emneliste.

##### Spørjelista

328 spørjelister er sendt ut gjennom sau- og geitealslaga frå Forsand i nord til Sokndal i sør. Me har fått inn



Premievinnarane i suvenirkonkurransen.  
Fremst frå v.: Eugenia Hove, Mary Skjæveland, Toril Serigstad Opstad. Bak frå v.: Oddvar Mehus, Ola Hovda og Birger Mæland.

22 svar i 1994, slik at det nå er 252 svar. Me reknar med dette innsamlinga som avslutta, og det med svært godt resultat i mange kommunar. Svara er registrerte i eit dataprogram, og me er begynt å henta ut resultat frå dette.

#### Fotoinnsamling

Me har lånt inn fotomateriale frå omlag 50 personar til avfotografering. Me har avfotografert i alt 184 svartkvitt foto og 486 fargebilete.

#### Anna materiale

Me har fått inn arkivmateriale frå Driftevegstyret for Nordre drifteveg.

#### Dokumentasjon: Eitt år med sauene

Våren 1994 sette me igang eigen fotodokumentasjon av korleis ein driv med sau som næring i dag. Etter framlegg frå styringsgruppa bad me om å få fotograferer hos bonde Per O. Bø, Hå. Styringsgruppa fann også fram til to sauebønder som sa seg villige til sjølve å fotograferer og skrive dagbok. Det er Gunnar Øglend, Sandnes og Sigmund Skjæveland, Bjerkreim.

Målfrid Grimstvedt og Torbjørn Hertel-Aas har fotografert hos Per O. Bø på Nærbø ialt åtte gonger. Målfrid Snørteland var med han då sauene skulle på sommarbeite i Sirdal 3.–4. juli, medan alle tre var i Sirdal under samlinga og skillinga 9.–12. september. Torbjørn Hertel-Aas var på Elgane under sauesjå 28. september og Målfrid Grimstvedt var med på sauevask hos Sven Mikal Ødemotland, Nærbø 12. november.

Hausten 1994 besøkte me Fatland Gjesdal Ull, Nærbø for å fotograferer ullmottak og klassifisering av ull. I februar 1995 besøkte me Agro, Forus for å fotograferer slakting av lam.

6. desember var Magnus Kluge på Jærmuseet og viste oss korleis me skulle legga ned myrmjølkk. Det var lite mjølkk den dagen, men me la ned fleire flasker seinare.

#### Økonomi

I 1993 søkte me dei lokale sau- og geitealslaga om tilskot til innsamlingsarbeidet. Nokre lag delte sitt tilskot på to år. Såleis har me i 1994 fått tilsaman kr. 12.950,- frå desse.

Våren 1994 sende me ut søknad om tilskot til skrivning av boka. Søknaden gjekk til alle kommunane i Jæren og Dalane, samt Forsand. Me søkte om ein sum på kr. 0,75 pr. vinterfora sau i kommunen. I tillegg søkte me Sirdal kommune om ein større sum. Følgjande kommunar har gjeve tilskot:

#### Tilskot frå kommunane

Eigersund	14.789 sau	(11.200,-)	kr. 11.200,-
Sandnes	12.102 sau	( 9.100,-)	9.100,-
Sokndal	5.432 sau	( 4.100,-)	*
Bjerkreim	17.341 sau	(13.000,-)	13.000,-
Klepp	847 sau	( 650,-)	650,-
Time	10.615 sau	( 7.950,-)	3.000,-
Sola	1.222 sau	( 900,-)	900,-
Hå			
Forsand	5.578 sau	( 4.200,-)	4.200,-
Sirdal		(15.000,-)	15.000,-
<b>SUM</b>			<b>kr. 57.050,-</b>

\* kjøper bøker for kr. 2.000,-  
Rogaland fylkeskommune (25.000,-) 10.000,-

Me søkte også næringslivet og har fått følgjande tilskot:

#### Tilskot frå næringslivet

Gjensidige	5.000,-	
Klepp Sparebank	5.000,-	
Felleskjøpet		15.000,-
Agro	15.000,-	
Fatland Jæren og Gjesdal Ull	10.000,-	
<b>SUM</b>	<b>40.000,-</b>	


Det er etter dette kome inn kr. 117.050,- i tilskot i 1994.

#### «SUVENIRKONKURRANSEN»

Hå Nærings- og utviklingsselskap tok i 1993 initiativ til eit prosjekt som skulle undersøka og utnytta moglege ringverknader av museumsetableringa i nærings-samanheng. I samarbeid med bedrifta/utsalet «Veveriet» på Nærbø blei det utforma eit prosjekt som tok sikte på få i gang produksjon av ulike typar salsartiklar baserte på jærske tradisjon. Ein tenkte seg at eventuelle produsentar kunne gå saman i ein produsentring som m.a. kunne ha utsalsstad på Jærmuseet. HNUS støtta tiltaket med 50.000,- kroner og Bygdeutviklingsfondet i Rogaland løyvde 100.000,- kroner. I januar 1994 blei det etablert eit prosjektstyre som bestod av HNUS, Veveriet, Bygdeutviklingsfondet og Jærmuseet. Målfrid Snørteland vart oppnemnd som museet sin representant i styret. For å undersøka om det fannst eit tilstrekkeleg produsentgrunnlag blei det hausten 1994 skipa til ein suvenirkonkurranse. Juryen bestod av Målfrid Snørteland, Emilie Kramer frå «Veveriet» og




1.pris, klasse 2 til Torill Serigstad Opstad for kort med egne illustrasjonar til jærsk fyndord.




2.pris, klasse 2 til Eugenia Hove for nålepute i ull.



2.pris, klasse 1 til Mary Skjæveland for «Sjuende far i huset».



1.pris, klasse 1 til Oddvar Mehus for mjøldunk.



2.pris, klasse 1 til Ola Hovda og Birger Mæland for modell av ein jærsk vindmaskin.

faglærer Mildrid Kjelstad Nilsen ved Bergeland vid. skole. Det kom inn forslag frå i alt 75 deltakarar. Toril Serigstad Opstad vann 1.prisen i klasse for produkt opp til kr. 150,- frå produsent. Ho laga kort med egne illustrasjonar til norske ordtak og lokale fyndord. 2. prisen gjekk til Eugenia Hove for nålepute. Oddvar Mehus vann 1.prisen for produkt over kr. 150,- for ein mjøldunk med svært høg handverkskvalitet og der utøveren hadde nytta gamle og tradisjonsrike handverks- og dekorteknikkar. 2. prisen vart delt mellom Ola Hovda og Birger Mæland for jærsk vindmaskin og Mary Skjæveland for «Sjuande far i huset på Audamotland». I tillegg fekk 15 produkt heiderleg omtale.

#### ØKONOMI OG ADMINISTRASJON

Budsjettet for Jærmuseet innanfor tilskotsordninga var i 1994 på kr. 1,030.000,-. Av dette utgjer stats- og fylkestilskotet ca. 766.000,-; resten blir trekt av medlemskontingenten frå kommunane. Som følgje av at Kulturdepartementet utvida si løyving til musea i Rogaland med kr. 500.000,- fekk me utpå hausten ei ekstraløyving på kr. 50.000,-.

Medrekna stillingar og drift utanom tilskotsordninga utgjorde dei samla driftsinntektene ca. 2,65 mill. kroner. Dette inkluderer bortimot 1 årsverk med attføring og kulturpakkemidlar. Inntekter og utgifter til byggeprosjektet er då haldne utanom.

I tillegg kjem omlag 3,5 årsverk på «KAJA», administrert av fylkeskommunen, og som ikkje viser att i museet sin eigen rekneskap. I pengar utgjer dette omlag 480.000,- kroner.

Med utgangspunkt i dei midlane som har passert via museet sin eigen rekneskap fordeler tilskot og inntekter seg på følgjande vis:

#### Fordeling av tilskot og inntekter

	1994	%	(1993)	%
Fylkeskommune/stat	766.000	28	551.000	20,5
Eigarkommunane	575.000	21	560.000	21
Sysselsetj./attføring	323.000	11,5	664.000	25
Eigeninntekter*/prosjekt	847.000	30,5	824.000	31
Forbruk overf. løyvingar	81.500	3		
Renteinntekter	171.000	6	36.000	1,5

\* Inkludert i eigeninntektene er oppdrag, tilskot til særlege prosjekt (unntatt investeringsmidlar), sal av årbøker, annonseinntekter, driftsinntekter på Kvia, medlemspengar og arrangementsinntekter.

Ser ein på det samla driftsbudsjettet for museet utgjer dei faste løyvingane frå fylkeskommunen og kommunane ca. 48,5 %, av dette dekkjer tilskotsordninga omlag 39 %. Dette betyr at også i 1994 var vel halvparten av drifta avhengig av variable og «usikre» inntekter – som div. eigeninntekter, sysselsetjing og prosjektmidlar.

Sjølv om Jærmuseet i åra framover vil søka nye prosjekt og freista å auka eigeninntektene, er det grenser for kor lenge ein t.d. kan finansiera basisfunksjonar – som t.d. drifta av museumsgarden, ved ulike typar prosjektmidlar. Det er ikkje minst påkrevd å få eit sikrere økonomisk grunnlag for gardsstyrarstillinga.

Dessutan aukar stadig mengda av kontorarbeid, og nok ein gong lyt me understreka at det blir stadig meir tungvint å driva kontoret utan ei fast kontorstilling og periodevis utan kontorphonale! Det er difor svært beklageleg at årsmøtet i 1994 avviste ei heving av

kontingenten for kommunane frå 1995 då den førelegne kontingentauken nettopp var tenkt å finansiera ei slik stilling.

#### **Syssetjingstiltak.**

Jærmuseet fekk opphavleg tilsagn på 20 månadsverk av såkalla «kulturpakkemidlar» for 1994 til drift av museumsgard.

Då det har vore svært vanskeleg å få personar til ulike syssetjingstiltak blei berre 1/4 av denne kvoten oppbrukt. I tillegg har ein som nemnt hatt ein del personar administrert av fylkeskommunen, tilsaman omlag 3,5 årsverk. Det har ikkje fylgd driftsstøtte med desse stillingane.

#### **Diverse gratisytingar.**

Hå kommune dekker ein del kostnader som heller ikkje kjem fram i museet sin rekneskap. M.a. hadde Jærmuseet fram til flyttinga gratis kontorlokale, inkludert lys, varme og reinhald, i det gamle kommunehuset på Nærbo. Kommunekassen fører dessutan rekneskapen for museet og tar seg av alle lønsutbetalingar o.likn., noko me er svært glade for.

#### **Møter, orienteringar, føredrag, seminar, representasjon.**

Styreformann Jone Vadla har i 1994 hatt 63 reisedagar med nær halvparten som leiar i byggekomiteen. Fram til 9. november var det byggemøte på Kvia annakvar veke bortsett frå i juli. I alt 29 dagar vart nytta til byggesaka. Det har og vore ein god del arbeid retta mot kommunane og næringslivet for å skaffa investeringsmidlar, i alt 16 reisedagar. Møte i styre- og administrasjonssaker og museumsfagleg

kontakt har gitt 18 reisedagar. I snitt har ca. halve dagane gått med til desse oppdraga.

Jone Vadla er vald til leiar i det nyoppretta Rogaland Museumsråd.

Styreleiar og styrar representerte Jærmuseet på årsmøtet til Norske Kunst- og Kulturhistoriske Museer i Kristiansund 3.–5. juni og på møter i Rogaland Museumsråd 22.02. og 14.12. I samband med det påbegynte samarbeidet med Egge Museum og NML deltok styreleiar og styrar, (samt ordførar/styremedlem Tobias Skretting, rådmann Lars Kolnes og næringskonsulent Magnar Flesland i Hå kommune) på møte med Steinkjer kommune og museet i Steinkjer 8.–9.08, møte på NLM/NLH på Ås 20.09 og på oppfølgjingsmøte på Jærmuseet 15.11. Her deltok og nestleiar Roald G. Bergsaker, samt ordførar/styremedlem Tobias Skretting og rådmannen i Hå.

Målfrid Snørteland har elles deltatt på møte i Klepp Historie- og ættesogelag 11.01, møte i kommunalutvalet for skular og barnehagar i Stavanger (saman med Oddvar B. Høyland) 24.01, byggeskikkseminar i Klepp 2.02, museumsleiarmøte 7.02 og 9.09, NOKU Rogaland sitt seminar om prosjektstyring, Skudenenes 11.–12.04, seminar om publikumsservice på Glomdalsmuseet 27.–30.04, opninga av Raugstadgården i Sandnes 19.05, historieseminar Karmøy 9.–10.06, seminar om museums katalogar på Norsk Folkemuseum 17.06, seminar om fotobevaringsarbeidet i Rogaland 14.10, dagskonferanse om forskning ved musea, Norges Forskningsråd 27.10.

Ho har halde orienteringar om Jærmuseet på Kvia for ulike grupper som har besøkt museet i løpet av året.

Målfrid Grimstvedt har delteke på følgjande møter og seminarer: 2.2: «Vakre steder i Rogaland», Klepp 21.3: Møte med Riksantikvaren om Historisk atlas for Sandnes kommune 27.5–1.6: Norsk representant på TICCIH konferansen, Montreal, Canada 2.–4.6: Årsmøte i NKKM, Kristiansund 14.11: «Foto-bevaring i Rogaland», Statsarkivet i Stavanger 1.11: «Tredimensjonal film»; Industridisply, Stavanger

Målfrid Grimstvedt har halde følgjande orienteringar og føredrag utanom museet: 17.1: Ålgård Rotary (Jærmuseet) 22.1: Presentasjon av kvinnebunad frå Hedmark, Hamar (Bunad og Folke-draktrådet) 30.1: Innlegg på bunadseminar, Bergen for Noregs Ungdomslag 10.2: Sola Mållag (Jærmuseet) 12.3: Innlegg på bunadseminar, Tromsø for Noregs Ungdomslag 21.8: Innlegg på bunadseminar, Kongsberg, Buskerud Husflidslag 14.9: Geografistudentar på befaring i Gjesdal (Sau og ullvareindustri)

#### **MEDLEMMER**

Medlemsauken i 1993 har vore på 29 personar, slik at museet no har 241 personlege medlemmer. I tillegg kjem 35 lag og 10 bedrifter, i alt 286 medlemskap.

Medlemskontingenten for 1994 var framleis kr. 150,- for personlege medlemmer, 300 for lag og 500/1000 for bedrifter. Medlemmene får årboka gratis tilsendt.

#### **ARBEIDET I KOMMUNANE**

##### **Randaberg**

Samarbeidet med fyrmuseet på Tungenes har halde fram i 1994.



*Flytting av kontoret og arkivet frå kommunehuset på Nærbo føregjekk med hjelp av kranbil og dugnadsfolk.*

Jærmuseet v/Inger Smidt Olsen deltok i dette arbeidet fram til mars 1994. Torbjørn Hertel-Aas gjennomførte våren 1994 synfaringar til ein god del fyr i Rogaland og Sogn og Fjordane. Han intervjuar og ... personar om liv og arbeid på fyra. Smidt Olsen og Hertel-Aas har og teke ein god del dokumentasjonsfoto på ulike fyrstasjonar.



Etter at Inger Smidt Olsen gjekk over i Hå kommune har ikkje Jærmuseet hatt kapasitet til å ta på seg vidare planlegging og utgreiingsarbeid for fyrmuseet. Frå hausten 1994 har difor kulturkontoret i Randaberg engasjert Birger Lindanger til arbeidet med fyrmuseet. Målfrid Snørteland sit i ei faggruppe for prosjektet.

Elles laga Jærmuseet v/Snørteland, saman med Randaberg Bygdemuseum, ei utstilling om torv i Randaberghallen våren 1994.

### **Gjesdal**

Våren -94 blei arbeidet med å redigera videofilmen om DFU – Ålgård gjort ferdig. Gjennom året har Målfrid Grimstvedt delteke i vidare planlegging av industristadmuseum på Ålgård og gjeve rettleiing til dei som har samla og registrert gjenstandsmateriale.

### **Sandnes**

#### **EDB-basert byutviklingsatlas**

Forprosjektet blei ikkje gjennomført dette året, avdi programvaren ikkje blei ferdig.

*Idegruppe «Byidentitet»* Målfrid Grimstvedt deltok i ei intern arbeidgruppe innan kulturetaten. Føremålet var å komma med innspel til kommuneplanarbeidet.

*Sandnes teglverk as.*

Sandnes teglverk la ned drifta si 31.12.1994. Jærmuseet fekk kr. 10.000,- frå NKKMs film- og foto-utval for å fotografera teglverksdrifta før driftsstans. Prosjektet blei gjennomført i samarbeid med Skjalg Omdal, Fabelfilm som gjorde filmopptak.

### *Krossens Havremølle*

Mot slutten av året vedtok Sandnes kommune å kjøpa mølla for å driva den som museum. Jærmuseet skal då stå for museumsdrifta. Noko planleggingsarbeid blei utført dette året.

### **Time**

Sverre Skjæveland har hatt ein del arbeid for Time bygdemuseum i samband med restaureringa av Fotland mølle. Han har m.a. laga 4 nye dører til turkeomnen, nye turkepanner og ny «tåda» til oppfyring av essa.

### **ANDRE OPPDRAG**

#### *Gunvor Trøttebergs draktarkiv*

Målfrid Grimstvedt arbeidde lite på prosjektet dette året.

#### *Klassifikasjonssystemet Outline*

Målfrid Grimstvedt er engasjert av Norsk Museumsutvikling til å arbeida med ei vidareutvikling av Outline. I samband med dette var ho på studietur til Sverige i november.

Sverre Skjæveland og Målfrid Grimstvedt er engasjerte i ljåsmiingsprosjektet i Gjesdal Ljåfabrikk i samarbeid med Handverksregisteret på Maihaugen.

### **SÆRSKILDE ENGASJEMENT**

Målfrid Snørteland sit i kulturkomiteen/ ekskursjonskomiteen som førebur ICOM-kongressen i juli 1995. Fram til sommaren 1994 var ho forhandlingsleiar for Forskarforbundet i Rogaland.

Ho sit i juryen for byggeskikkprisen i Gjesdal og i konserveringutvalet nedsett av Rogaland Museumsråd.

Målfrid Grimstvedt er medlem i Bunad- og folke-

draktrådet og er styremedlem i MIKA, NKKMs si gruppe for museer innan industri, kommunasasjon og anlegg.

### **OPPSUMMERING OG VURDERING**

Hausten 1994 var 1. byggesteg av det nye museumsbygget ferdig – med hovudbygg, auditorium og verkstad! Då hadde administrasjonen vore på plass sidan juni – noko som ikkje minst innebar eit nytt tilvære for dei tilsette. Det er ekstra hyggeleg at me kan seia oss svært fornøgde med bygget – det er både eit estetisk fint bygg og ein bygning me trivest i.

Men ennå manglar ein del midlar frå næringslivet før finansieringsplanen er oppfylt. Og samtidig som me gler oss til å opna for publikum våren 1995, uroar me oss over manglande driftsmidlar til å møta publikum på ein skikkeleg måte.

Avgjerande og gledeleg er det og at me dette året har komme i dialog med Egge Museum i Steinkjer og Norsk Landbruksmuseum på Ås og blitt samde om ei ansvarsdeling for dokumentasjonen av nyare norsk landbrukshistorie.

Me kan registrera at interessa for Kviagarden stadig

aukar hos skular og barnehagar i regionen. Det er og gledeleg at prosjektet «Læra med å gjera» vekte så stor interesse i Norsk Kulturråd at dei gav eit tilskot på 100.000,- kroner, med tilsagn om tilsvarande løyving i 1995. Me er overtydde om at aktivitetane på Kviagarden er eit svært viktig tilbod til barn og skular i heile regionen, men skal dette tilbodet oppretthaldast og utviklast må museet snart få eit sikrere grunnlag for dei stillingane som er nødvendige for drifta.

Jærmuseet er elles glad for samarbeidet med helse- og sosialetaten i Hå kommune, og at Kviagarden kan gi tilbod til ulike grupper.

Me kan oppsummera at «sauaprojektet» nå har komme over innsamlingsfasen, og at prosjektleiar og prosjektmedarbeidar er godt i gang med den vidare bearbeidinga av materialet.

Elles lyt me seia oss godt nøgde med pressa si dekning av museet og dei ulike aktivitetane våre. I det heile merkar ein stigande og positiv interesse for museet frå ulike grupper.

Me er og glade for eit godt og inspirerande samarbeid mellom styreleiar, styret og administrasjonen.

## REKNESKAP 1994 INNANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1993	Budsjett 1994	Rekneskap 1994
<b>Inntekter:</b>			
Tilskotsordninga			
stat	292.946		401.700
fylke	234.977		314.250
kommun	234.977		314.250
(+ lønsmeirutg.)	793.059	1,030.200	1,080.200
Varesal/div. vederlag	2.465		143
Renter	5.854		17.560
	<u>819.322</u>	<u>1,030.200</u>	<u>1,097.903</u>
<b>Utgifter:</b>			
Løn faste stillingar pr.1993/ + sos. utg	543.726	550.000	467.954 94.929 <u>562.883</u>
Inventar og utstyr	21.802	20.000	39.716
Andre innkjøp	709	5.000	4.618
Innkjøp bibliotek	15.531	20.000	17.615
Vedlikehald bygn./anlegg	11.898		59.021
Kontorrekvisita			28.748
Trykksaker			1.499
Telefon			23.024
Porto			21.101
Andre kontorutg			2.161
Sum kontorutg	74.045	70.000	76.533
Straum/reinhald	29.096	40.000	66.839
Husleige	51.310	54.000	52.181
Avgift./forsikr.	19.887	25.000	39.861
Reiser/bilgodtgj.	47.454	60.000	34.206
Drift av bil	18.046	20.000	12.630
Transport	19.073	20.000	20.569
Varekjøp			1.360
Vedlikehald samlingar	24.907	25.000	18.594
Vedl.h.inventar/utstyr	19.619	30.000	31.715
Annonsering	7.953	10.000	10.398
Foto,video	9.338	12.000	22.818
Andre driftsutg.	14.534	17.000	23.976
Kurs	750	5.000	4.395
Driftsmeirutgifter nybygg		100.000	
	<u>929.675</u>	<u>1,084.000</u>	<u>1,099.927</u>
Underskot	110.354	53.800	2.024

## REKNESKAP 1994 UTANFOR TILSKOTSORDNINGA

	Rekneskap 1993	Budsjett 1994	Rekneskap 1994
<b>Inntekter</b>			
Arrangementsinntekter	56.945	60.000	116.868
Sal av årbøker	28.685	20.000	23.400
Annonser	37.218	40.000	46.000
Varesal			2.532
Oppdrag	258.702	270.000	172.204
Medlemspengar	44.450	45.000	24.180
Tilskot NMU	41.253		
Tilskot NKKM's filmnemnd			30.000
Refusjon «SKAP»/attføring	687.924	25.000	284.508
Refusjon sjukepengar	2.372		13.310
Kontingent kommunar	318.243	270.000	260.580
Tilskot Norsk Kulturråd			100.000
Tilskot Direktoratet for naturforv		20.000	
Tilskot Rogaland fylkesk.			7.500
Kommunale tilskot sau			47.250
Andre tilskot sauaprosjekt	72.900		63.550
Tilskot PU/Hå		90.000	93.847
Produksjonstilskot			31.780
Sal landbruksprodukt	82.644	50.000	62.342
Forsikringsutbetaling			12.000
Gåve Kviagarden			472
Renter	33.851	5.000	153.467
	<u>1,665.187</u>	<u>850.000</u>	<u>1,565.790</u>
Overskot 1993/ («Kaja»)		25.000	25.007
Forbruk løyv. Audamotland	226.173		32.149
Investeringsmidlar Kvia			49.414
	<u>1,751.771</u>	<u>875.000</u>	<u>1,672.359</u>

	Rekneskap 1993	Budsjett 1994	Rekneskap 1994
<b>Utgifter:</b>			
Løn faste still.(inkl.sos.utg.)	231.920	300.000	270.839
Engasjement/ekstrahjelp	216.553	295.000	355.738
Løn «SKAP»/attføring	498.217		217.567
Sosiale utgifter	159.142		168.475
Sum	<u>1,105.832</u>	<u>595.000</u>	<u>1,012.619</u>
Inventar og utstyr	2.800		50.012
Innkjøp samlingar/dyr	2.349		24.036
Restaurering Audamotland	226.173		32.149
Investering Kvia (hevdafjos)			49.414
Driftsutgifter Kviagarden	139.589	110.000	82.394
Div. utgifter (kontor)	3.165		3.384
Reiser/bilgodtgjersle	44.311	41.200	55.283
Publikasjonar	113.700	70.000	116.708
Arrangementsutg			15.555
Foto/film			43.734
Kurs	800	5.000	4.723
Intern overføring	19.382		
Sum driftsutg.	<u>1,518.511</u>	<u>821.200</u>	<u>1,490.010</u>
Renter byggefond			44.525
Renter disposisjonsfond			8.000
Renter lotterifond			7.000
Renter Audamotland	25.000		10.000
Overført løyving sauaprosj	72.900		110.800
	<u>1,616.411</u>		<u>1,670.335</u>
Underskot tilskotsord.	110.354	53.000	2.024
	<u>1,726.765</u>	<u>875.000</u>	<u>1,672.359</u>
Underskot/rådvælde	+ 25.006		

## REKNESKAP 1994

BALANSEKONTO PR 31.12.	
<b>Aktiva:</b>	
Kasse	2.494
Postgiro	10.592
Time Sparebank	15.901
SR-bank	3,694.625
	3,723.612
Faste eiendommar	16,083.457
	<u>19,807.068</u>
<b>Passiva:</b>	
Disposisjonsfond	105.798
Lotterimidlar	89.767
Kviagarden	42.626
Årbokmidlar	66.700
Overførte midlar Audamotland	377.398
Overførte midlar sau	183.700
Byggefond	2,742.857
	<u>3,608.847</u>
Direkte remittering	25.870
Anna kortsiktig gjeld	130.783
Interimskonti	54.759
Kap.konto ferip./arb.g.avg	- 96.647
	<u>3,723.612</u>
Kapital bygg	16,083.457
	<u>19,807.068</u>

## REKNESKAP BYGGEPROSJEKT 1994

	1990 – 1993	1994	Sum
<b>Inntekter:</b>			
Norsk Kulturråd	2,500.000	1,200.000	3,700.000
Landbruksdirektør	150.000		150.000
Fylkeskommunale tilskot	3,950.000	384.000	4,334.000
Særl. kommunale tilskot	1,939.714	1,722.828	3,662.542
PU/Hå		60.000	60.000
Forskotering Hå		4,000.000	4,000.000
Husleige forskot		650.000	650.000
Gåver til nybygg	1,201.394	783.000	1,984.394
Renter	181.488		181.488
	<u>9,922.596</u>	<u>8,799.828</u>	<u>18,722.424</u>
Forbruk av byggefond		1,428.035	
		<u>10,227.863</u>	
<b>Utgifter:</b>			
Planlegging 1990	224.000		
Prosjektering nybygg (1990)	223.584		
– Honorar arkitektar	994.867	277.082	
– Honorar konsulentar	874.534	152.814	
– Honorar prosjektleiing	32.000	32.547	
– Oppdrag andre	6.029		
– Utg. innsamlingsaksjon	14.802		
– Reiser	19.463		
– Adm. utg. byggeprosjekt	3.290	1.598	
– Forsikring	21.940	10.170	
– Kopieringsutg	121.104	15.513	
– Skilting	7.130		
– Straum	9.000	14.214	
– Div. inventar og utstyr		142.276	
– Landskapsarkitekt		21.960	
– Byggeleiing	95.000	159.000	
– Betongarbeid nybygg	1,926.136	751.945	
– Div. grunn-/betongarbeid	127.906	128.489	
– Byggvask/div. v. firma		38.918	
– Tømmerarbeid	1,125.450	3,242.166	
– Overlys		1,111.040	
– Elektro		1,999.240	
– Stein,mur etc.		687.451	
– Ventilasjon/sanitær		1,174.226	
– Innreiing		264.213	
– Andre utgifter		3.003	
Sum utg.byggeprosjekt	<u>5,826.235</u>	<u>10,227.863</u>	<u>16,054.098</u>